



**Saksbehandlar:** Kenneth Tollefsen

**Rådmann:** Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/23	Hovudutval teknisk/næring	20.11.2023
150/23	Formannskapet	27.11.2023
	Kommunestyret	

## Høringsuttale til kommunedelplan E39 Bokn - Bømlafjorden med konsekvensutgreiing

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommune oversender høringsuttale e39 til Statens Vegvesen.

### Hovudutval teknisk/næring 20.11.2023:

#### Behandling:

#### Rådmannen sitt framlegg til høringsuttale (saksframlegget):

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

#### Framlegg til tilleggspunkt (nr. 1-7) frå Anne Lise Økland:

1. Med utgangspunkt i rådmannen sitt saksførelegg bør ny E 39 gjennom Sveio kommune kunne nyttast på ein måte som kan fremja vekst og utvikling i kommunen. Den må med andre ord ikkje berre bli ei transportåre gjennom Sveio.
2. Traseen må leggjast slik at den så langt som råd er tek omsyn til eksisterande næringsliv.
3. Kryss må plasserast slik at det vart god tilknytning og nærleik til næringsområde, og elles passa best mogleg for innbyggjarar i kommunen.
4. Vegen må leggjast godt utanom Førde sentrum, men det bør vera eit kryss i nærleiken.
5. Traseen må i størst mogleg grad leggjast slik at den ikkje berører bustadhus/bustadområde.
6. Ny E39 må planleggjast som 4 felts veg. Rådmannen sitt pkt. 4.4. i saksførelegget kan difor gå ut.
7. Traseen frå Hope til Bømlafjorden bør takast ut av forslag til planprogrammet og gå inn i prosjektet som omhandlar kryssing av Bømlafjordtunnelen, for å unngå å skape usikkerheit for dei som har eigendomar i den planlagde strekninga og legge beslag på området.

Pkt. nr. 1 samrøystes som framlagt av Anne Lise Økland.

Pkt. nr. 2-7 som framlagt av Anne Lise Økland mot éi røyst. MIndretal: Olav Østebø Olsen (SV)

## **Framlegg til endeleg vedtak frå Anne Lise Økland:**

Sveio kommune sender høyringsuttale til planprogram for kommunedelplan E39 Bokn-Bømlafjorden med konsekvensutgreiing til Statens vegvesen der punkta nr. 1-7 ovanfor blir vurdert inn i uttalen saman med rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale.

Samrøystes som framlagt av rådmannen i saksframlegget med tilleggspunkt nr. 1-7 framlagt av Anne Lise Økland.

## **HTN - 074/23 Vedtak**

### **Tilråding til formannskapet:**

Sveio kommune sender høyringsuttale til planprogram for kommunedelplan E39 Bokn-Bømlafjorden med konsekvensutgreiing til Statens vegvesen der punkta nr. 1-7 ovanfor blir vurdert inn i uttalen saman med rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale.

## **Saksutgreiing**

### **Samandrag**

Sveio kommune ser behovet for ein moderne motorveg mellom Bergen og Stavanger som kan handtera ei framtidig trafikkauke og samstundes binda Vestlandet saman. Kommunen er samstundes skeptisk til ei så omfattande nedbygging av naturen kombinert med ei rekkje negative konsekvensar for dei som skal bu og leva i Sveio kommune i framtida.

### **Bakgrunn for saka**

Statens vegvesen (SVV) har fått i oppdrag av Samferdselsdepartementet å utarbeida kommunedelplan med konsekvensutredning for ny E39 på strekninga Bokn-Bømlafjorden.

[Planprogrammet](#) som no er på høyring utdjuar føremålet med kommunedelplan for E39 Bokn-Bømlafjorden. Strekninga går mellom avslutninga av E39 Rogfast (nær Arsvågen på Vestre Bokn) i Bokn kommune, via Akسدal i Tysvær kommune til opninga av dagens Bømlafjordtunnel i Sveio kommune.

Vegtiltaket er utgreiingspliktig i samsvar med plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar, og planprogrammet gjer greie for dei problemstillingane planarbeidet skal omfatta. Det syner mellom anna alternativ som skal utgreiast - og på kva måte. Tema som konsekvensutgreiinga skal omfatta, og prosess for medverknad, er òg skildra.

### **Saks- og faktaopplysningar**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 3-7, 4-1 og 11-13 blir forslaget til planprogram sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. I samband med høyringa har SVV særleg bede om innspel og merknader på følgjande punkt:

1. Er området som er føreslege utgreidd det rette området, jamfør kapittel 7?
2. Er nokre av områda i konflikt med viktige nasjonale eller regionale omsyn?
3. Blir utgreiingsplikta innfridd med dei temaa som er skildra i kapittel 8?
4. Er det andre tilhøve som er særleg relevante for avgjerda, og som dermed bør omtalast i konsekvensutgreiinga?

Etter gjennomført høyring vil SVV samanfatta og kommentera høyringsfråsegnene før planprogrammet blir sendt kommunane for fastsetjing.

Den 27. april 2022 blei det sendt ut varsel om oppstart av kommunedelplanarbeidet. Frist for å senda innspel til oppstartvarselet var 20. juni 2022, og Sveio kommune sende inn synspunkt og innspel innan fristen. I oppstartvarselet var planområdet i nord avgrensa ved Hope i Sveio. I samheng med høyringa av planprogrammet er planområdet justert og innskrenka på enkelte strekningar, basert på optimalisering og siling av alternativ som er gjort seinare. Det blir òg samstundes med høyring av planprogrammet varsla at planområdet blir utvida i nord, frå Hope til tunnelmunningen for Bømlafjordtunnelen.

I det følgjande vil rådmannen svara ut dei fire fokusområda der SVV særleg har bede om innspel og merknader. Under det siste punktet vil rådmannen trekkja fram tilhøve knytt til planprosjektet som ein har vurdert som viktige å ha særleg fokus på i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Noko av dette vil allereie vera omtalt i planprogrammet, men då er det rådmannen si vurdering at dette er tema, problemstillingar og tilhøve som er viktige for grunneigarar, innbyggjarar og andre med interesser i Sveio kommune. Oversynet frå rådmannen vil ikkje vera uttømmmande, og det vil gjennom politisk handsaming i hovudutval teknisk/næring, formannskap og kommunestyre vera naturleg å supplera med innspel og merknader. Vedtaket i kommunestyret 11.12.23 blir grunnlaget for høyringsuttalen frå Sveio kommune.

### **1. Er området som er føreslege utgreidd det rette området, jamfør kapittel 7?**

Sveio kommune meiner utgreiingsområdet både sør og nord for Førde er for snevert, og at dette må utvidast for å kunna vurdere alternativt traséval som får færre negative konsekvensar for Førdebygda og næringsområdet på Hanaleite. Dette innebér at det må utgreiast tunnelalternativ gjennom Lierfjellet og Bjørnåsen fram til Banddalen. Traséen vidare blir lagt så langt aust for Førdebygda det er råd å koma før vegen på ny går inn i tunnel gjennom Dreng og kjem inn på den føreslegne traséen like sør for eksisterande avkøyring til Håvardsholm og Staupe. Likeeins må det i området like sør for Bømlafjordtunnelen leggjast til rette for ei justering og forlenging av tunnelalternativet slik at busetnad, bygdemiljø, kyrkje, gravplass, kulturlandskap og jordbruksareal blir teke vare på.

### **2. Er nokre av områda i konflikt med viktige nasjonale eller regionale omsyn?**

I denne samheng er det naturleg å syna til rettleiaren *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* frå Kommunal- og distriktsdepartementet som blei vedteken ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023. Sveio kommune vil her særleg trekkja fram kapitla (3) Trygge og inkluderande lokalsamfunn, (4) Velferd og berekraftig verdiskaping, (5) Klima, natur og miljø for framtida og (6) Samfunnstryggleik og beredskap, og legg til grunn at desse blir følgt opp i planarbeidet der det er naturleg.

### **3. Blir utgreiingsplikta innfridd med dei temaa som er skildra i kapittel 8?**

SVV har saman med konsulenten lagt opp til ei omfattande utgreiing, og Sveio kommune støttar denne basert på dei temaa som er skildra i kapittel 8 i planprogrammet. Men, dette er eit svært omfattande planprosjekt, og Sveio kommune må såleis setja si lit til at andre styresmakter og fagmiljø med spisskompetanse på dette området er med og kvalitetssikrar at utgreiingsplikta er innfridd på alle felt.

### **4. Er det andre tilhøve som er særleg relevante for avgjerda, og som dermed bør omtalast i konsekvensutgreiinga?**

1. Det blir innleiingsvis og på generelt grunnlag referert til synspunkt og innspel frå Sveio kommune i.s.m. oppstart av planarbeidet for E39 Bokn-Hope datert 20.06.22 der m.a. omsyn til landbruk, naturmangfald, inngrep i naturen, Førde-bygda, tunnelloysingar, buområde, framtidsetta (nærings)utvikling og drikkevasskjelde blei omtalt. I ettertid er planområdet

utvida nord til Bømlafjordtunnelen, og det som blei trekt fram i brevet frå Sveio kommune juni 2022 gjeld òg for dette området.

2. I folketalsstatistikken kjem det fram at Sveio er den kommunen i regionen med prosentvis størst auke i folketallet for perioden fram mot 2050 med over 15 %. Samstundes er visjonen i samfunnsdelen til kommuneplanen for Sveio "Vilje til vekst og ein god stad å leva". Då er det viktig å leggja til rette for både eksisterande og ny busetnad når ny E39 skal byggjast slik at bygder og buområde saman med landbruksjord og natur- og friluftsiresser blir skjerma ved at vegen blir lagt der dei negative konsekvensane for folk og natur blir minst. Med tunnelloysingar gjennom Lierfjellet, Dreng og Husafjellet vil reisetida dessutan bli litt kortare enn kva som er tilfellet for alternativa utan tunnelar, og kryssløysing i tilknytning til Førde må sjølvstøtt utgreiast saman med dette alternativet.
3. Kulturmiljø og heilskap i Førdebygda må sjåast under eitt og takast vare på.
4. Ny E39; er den skisserte trafikkauken reell, og kva er grunnlaget for den skisserte vegstandard (fire felt med midtdelar)? Når/kvar blei/blir det gjennomført trafikkreljering?
5. Haugaland brann og redning IKS ivaretek pr. dags dato brann- og redningsberedskapen for Sveio kommune, og det blir såleis lagt til grunn at dei (saman med dei andre naudetatane) kjem med eigen høyringsuttale på dette punktet. Det skal likevel nemnast at det er viktig med rask og effektiv tilkomst for alle naudetatane til alle deler av nye E39 gjennom Sveio kommune utan å måtta køyra lange omvegar.
6. Området Haukås/Nesse forstår Sveio kommune er særleg utfordrande med omsyn til landbruk og jordvern, og ber såleis spesielt om at dette blir lagt til grunn ved traséval. Sveio kommune legg til grunn at det blir teke initiativ til tenlege erstatnings- og/eller kompensasjonsordningar for dei som ev. blir råka av ny veg over eigedommen sin. Dette kan t.d. vera gjennom å disponera massar frå vegprosjektet og på den måten erstatta jordbruksareal som måtte gå tapt.
7. Generelt må landbruksjord og urørt natur bli spart i størst mogeleg grad.
8. Vigdarvatnet er eit svært viktig regionalt friluftsområde, og Sveio kommune vil difor sterkt rå til at den austlege traséen forbi Fjon (om lag der eksisterande E39 går) blir lagt til grunn i det vidare planarbeidet.
9. Med den viste traséen nord for Lierfjellet vil det vera uråd å vidareutvikla næringsområdet på Hanaleite, noko som vil vera eit stort tap for Førde-bygda og næringslivet elles i kommunen. Like eins vil bensinstasjonen på Haukås missa mykje av kundegrunnlaget når ny veg kjem, og det er difor viktig at det saman med Sveio kommune og utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen blir teke initiativ til areal for forretning/næring i tilknytning til kryss på ny E39. Moglegheit for opparbeiding/tilkomst av eit slikt nytt næringsområde bør også vurderast nærare i vegprosjektet. Det må det vurderast om dette kan bli ein aktuell plass for ladestasjon for el.-bilar og innfartsparkering.
10. Det skal vera gjennomgåande autovern langs heile motorvegen, men kva med viltgjerde? Kvart år er det mange viltpåkøyrslar (hjort og rådyr) i Sveio kommune, særleg langs hovudvegane med fartsgrense 80 km/t. Med høgare fart vil konsekvensane av ein viltpåkøyrslar bli vesentleg større, og då blir noko av trafikksikringsgevinsten "oppeten" dersom det ikkje blir gjort fysiske tiltak for å hindra dette.
11. I den grad det blir overskotsmassar i.s.m. vegutbygginga må desse nyttast til berekraftig arealutvikling lokalt utan lang og forureinande transport. Dette må koordinerast med Sveio kommune og arbeidet med utarbeiding/rullering av arealdelen til kommuneplanen.
12. Eksisterande E39 skal få status som lokalveg utan at det er føreligg meir opplysningar om dette når det gjeld standard, vegtype, fartsgrense og vedlikehald m.m. Sveio kommune meiner det er viktig å ta med i alle vurderingar rundt ny E39 gjennom kommunen at den nye vegen er tilrettelagt for gjennomgangstrafikk mellom Bergen og Stavanger - og ikkje primært for innbyggjarane i Sveio kommune. Dei som skal bu og leva i Sveio kommune i framtida skal

framleis i all hovudsak nytta lokalvegen (eksisterande E39), og då er det viktig at også denne har ein minst like god standard som i dag. Dette må utgreiast betre.

Sveio kommune ser behovet for ein moderne motorveg mellom Bergen og Stavanger som kan handtera ei framtidig trafikkauke og samstundes binda Vestlandet saman. Kommunen er samstundes skeptisk til ei så omfattande nedbygging av naturen kombinert med ei rekkje negative konsekvensar for dei som skal bu og leva i Sveio kommune i framtida. I den samanheng er det difor viktig å leggja vekt på FN sine berekraftsmål, og då på ein slik måte at det gagnar innbyggjarar, grunneigarar og næringslivet i kommunen. Alle dei gode kvalitetane Sveio kommune har i dag må ikkje ofrast til fordel for andre som i framtida skal reisa gjennom kommune for å koma fortast mogeleg frå A til B.

### **Innkomne merknadar**

Ikkje aktuelt.

### **Konsekvensar**

Ikkje aktuelt utover det som går fram av saksutgreiinga i denne omgang.

### **FN sine berekraftsmål**

Er lagt til grunn både i framlegget til planprogram og i saksutgreiinga med rådmannen sine innspel og merknadar.

### **Økonomiske konsekvensar**

Pr. i dag ingen, men bygging av ny E39 vil få store samfunnsøkonomiske følgjer i tillegg til økonomiske følgjer for innbyggjarar, grunneigarar, næringsliv og andre i kommunen som blir råka av prosjektet - direkte eller indirekte.

### **Beredskap**

Ikkje aktuelt utover det som er trekt fram i saksutgreiinga pr. d.d.

### **Vurdering**

Sveio kommune ser behovet for ein moderne motorveg mellom Bergen og Stavanger som kan handtera ein framtidig trafikkauke og samstundes binda Vestlandet saman. Kommunen er samstundes skeptisk til ei så omfattande nedbygging av naturen kombinert med ei rekkje negative konsekvensar for dei som skal bu og leva i Sveio kommune i framtida. I den samanheng er det difor viktig å leggja vekt på FN sine berekraftsmål, og då på ein slik måte at det gagnar innbyggjarar, grunneigarar og næringslivet i kommunen. Alle dei gode kvalitetane Sveio kommune har i dag må ikkje ofrast til fordel for andre som i framtida skal reisa gjennom kommune for å koma fortast mogeleg frå A til B.

### **Rådmannen sin konklusjon**

Sveio kommune må nytta seg av tilbodet frå Statens vegvesen om medverknad gjennom heile planprosessen for å ivareta interessene til innbyggjarane, grunneigarane, næringslivet og andre som direkte eller indirekte blir råka av ny E39 gjennom kommunen slik at Sveio kommune i framtida òg blir ein god kommune å bu og leva i. Berekraft vil vera eit sentralt omgrep i den samanheng, og utgangspunktet må vera at Sveio kommune primært skal leggja til rette for god livskvalitet for dei som skal bu og leva her i framtida og sekundært medverka til eit tenleg traséval for ny E39 og gjennomgangstrafikken som skal bruka denne vegen for å korta ned reisetida si.

### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Ikkje vurdert, men det vil vera ei rekkje lover og forskrifter som gjer seg gjeldande gjennom heile planprosessen.